

Vikja Elveeigarlag  
v/Fridtjov Helgesen  
Vangsvegen 22  
6893 Vik i Sogn

28.06.2021

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo

### **Innspel til revisjon av konsesjonsvilkår for Vikfalli og elva Vikja**

Vik elveeigarlag er ein samanslutning av grunneigarar og personar med fiskerettar langs elva Vikja nedstrøms Vikalli sin kraftstasjon på Hove.

Vikja er definert som eit nasjonalt laksevassdrag av Stortinget. Målet med nasjonale vassdrag er å gi desse elvane ein særleg beskyttelse mot negative effektar frå andre samfunnsinteresser. Oppretting av nasjonale laksevassdrag har skjedd lenge etter Vikja fekk konsesjon, og såleis er det ikkje samsvar mellom målet til nasjonale vassdrag og konsesjonsvilkåra for vassdraget.

Med bakgrunn i dette har vi følgjande innspel til revisjonen av konsesjonsvilkåra:

#### Opp- og nedkøyring av vassføring nedstraums Hove kraftwerk:

Elveeigarlaget opplever i periodar store variasjonar i vassføring som ein direkte konsekvens av kraftproduksjonen. Dette kan variera mykje gjennom døgnet og frå dag til dag. Den raske endringa i vassføring ser ein på som uheldig for laksen. Dette på grunn av fare for stranding av laks, laksen sin mogelegheit for gå opp i elva og sjølvsagt levevilkåra til yngelen ved svært låg vassføring.

Krav: Det må stillast krav til regulanten i forhold til hastigkeit på opp- og nedkøyring av vassføringa. Kravet må definerast av nøytralt fagmiljø/konsulent.

#### Minstevassføring nedstraums Hove kraftwerk:

Låg vassføring medfører og at delar av elva vert turrlagt med eksisterande elveprofil. Dette påverkar yngelen negativt og er sjølvsagt og negativt for laksen (vandring/strandning).

Krav: Det må stillast krav til regulanten om pålagt minstevassføring. Storleik på vassføring må definerast av nøytralt fagmiljø/konsulent og inkludere det faktum at dette er ei nasjonal lakseelv. Kravet må også ta høgde for at eventuelle tiltak i elva som laksetrapp, fiskeplassar/kvileplassar for fisk fungerer med så låg vassføring som definert.

#### Elveprofil nedstraums Hove kraftwerk:

Elveprofilen nedstraums kraftverket er ikkje utforma med tanke på gode tilhøve for laks og gytting kombinert med store endringar i vassføring. Særs dårlig blir det med svært varierande vassføring i perioden når laksen skal gå opp i elva og gyte.

Krav: Regulanten må påleggast å utforma ein elveprofil som gjev gunstige forhold for fisken ved så låg vassføring som dei blir pålagt. Utforming av elveprofil må definerast av nøytralt fagmiljø/konsulent.

#### Kvilesplassar/fiskeplassar nedstraums Hove kraftverk:

Etter utbygginga av Vikja er det er svært dårlege og få kvileplassar for fisken på si vandring oppover elva i øvre del, ca. frå utløpet av Vetlelv og opp til Hove kraftstasjon. Situasjonen før utbygging var at denne strekninga hadde tilsvarende kvileplassar/fiskehølar som resten av strekninga.

Krav: Regulanten på påleggast krav om å få utreda og gjennomført tiltak for å få fleire kvileplassar/fiskeplassar på denne strekninga av elva.

#### Vandringshinder:

Kraftutbygginga innførte eit nytt vandringshinder i elva. Fossen ved utløpskanalen til Hove kraftverk vart eit slikt nytt vandringshinder for fisken.

Krav: Regulanten må påleggast krav om utbetrande tiltak som fjerner det kunstige vandringshinderet, slik at fisken kan gå oppover i elva som den gjorde før utbygginga. Utbetrande tiltak kan då vere til dømes laksetrapp.

#### Minstevassføring oppstraums Hove kraftverk:

Elveigarlaget ser og behovet for minstevassføring oppstraums fossen, sjølv om ein ikkje har eigarforhold eller fiskerettar der.

Krav: Det må stillast krav til regulanten om pålagt minstevassføring. Storleik på vassføring må definerast av nøytralt fagmiljø/konsulent og inkludere det faktum at dette er ei nasjonal lakseelv.

#### Landbruksvatning:

Grunneigarar hentar vatn frå elva for vatning av jordbruksareal. Svært varierande vasstandsnivå i elvi medfører problem i forhold til vatningsanlegg som hentar vatn frå elva.

Krav: Det må tilretteleggast for kummar eller system som tillet grunneigarar å pumpa vatn frå elva uavhengig av endringar i vassnivå i elva grunna ulik køyring av kraftverket.

#### Rammevilkår for laksefiske:

Tilnerma 100% av elva Vikja på strekninga nedstraums Hove kraftstasjon vert idag nytta til fiske. Dette både gjennom privat utelege og gjennom lokalt fiskelag. Historisk har Vikja vore ei god lakseelv. Men rammevilkår for godt fiske er i høgste grad forutsigbar vassføring i elva. Per i dag er ikkje dette vilkåret til stades. Det blir oppfatta som useriøst å tilby fiske når vassføringa konsekvent vert redusert fredag til søndag i fiskesesongen. Det er av den grunn utfordrande for grunneigarane og turistnæringa elles å driva næring relatert til laksefiske i elva.

Krav: For å gi gode rammevilkår for laksefiske bør det stillast strengare vilkår til minstevassføring i fiskesesongen.

Det har og vore eit bra samarbeid med det lokale personalet hjå regulanten i forhold til aktiv forvaltning og utsetjing av fisk. Men slik vi oppfattar dette er dette ikkje noko krav i konsesjonen.

Krav: Regulanten må vera pålagt å bidra til reproduksjon av laksen i elva gjennom aktiv forvaltning og utsetjing av fisk. Elveeigarlaget føreset at dette arbeidet vert koordinert av folk med god kompetanse på dette området.

Med helsing

  
Fridtjov Helgesen  
Styreleiar Vikja Elveeigarlag  
Org. nr. 927 279 983